



**Type hus:**

Våningshus

"Sundstugu"

**Opprinnelag frå: G.Br.F.nr:**

Sunde 141/1

**Byggeår/-periode:**

Frå siste fjerdedel av 1700-talet. (1791) SEFRAK

Opphavleg hadde dette huset etter tradisjonen 3 etasjar.

(Jmfr skisse av Edw. Storm). Truleg ferdigrestaurert i 1791 etter Storofsen(?), men da berre med 2 etasjar. ( Eller kanskje hadde stugu vore nedteke og oppattsett med to etasjar tidlegare?)

**Nåverande plassering: G.Br.F.nr:**

Jutulheimen

**Restaureringar/ombyggingar:**

Til Jutulheimen 1955/56.

Det har gjennom tida vore utført ein del restaurerings- og utbetringsarbeid som er nemnt i styreprotokollane. Seinast

vart taket mot sør skifta i 200?. Dette vil bli ført inn her etter kvart.

### **Omtaler/gamle bilete av bygnaden:**

Styremøte 8.mars 1950: "Styret enedes om at husnemnden skal inngå med forespørsel til Erland Berge om han kan selje stuen på Sunde og i tillfelle til hvilken pris".

Frå årsmelding 1955/56: "Etter å ha fått fullmakt frå årsmøtet den 28.april 1955 vedtok husnemnda på møte den 29.april å flytja Sundstugu til "Kustigholet" i Prestberget. Paul H. Løkken og Jo Hølmo vart leigde til arbeidet. Dei arbeidde heile sommaren 1955. Stugu var da under tak med torv og eternit på taket. Dei held fram med arbeidet våren 1956 og har i sommar sett i stand fyrste- og langt på veg andre høgdi i stugu".

Mange var med på dugnad: OKB heldt bilar, og sjåførarar, verkstad- og kontorfolk køyrdde gratis. Dei samla og inn 256 kr til kaffe- og matservice til Sundstugu. Ragnvald Berg tok ut tomta med bulldoser. Paul J. Mo gav torv til taket, og Gunnar Storlien kosta arbeidet med å leggje ho. Lista over gjevarar er så lang at alt kan ikkje nemnast her. Viser til årsmeldinga.

Årsmelding 1969: "36 nye bjørkestoler er innkjøpt til bruk i Sondstugun for å sleppe å fløtja stolar husmillom når dette trengst."

Bilde frå 1954. Foto: Bjørn Valde Aasheim





